



KOH/

24. september 2026

Finansdepartementet

Høyringsuttale frå Fiskebåt til NOU 2026:9 «Veien mot et bedre og mer forutsigbart skattesystem»

Fiskebåt viser til Finansdepartementet si høyring av NOU 2026:9 *Veien mot et bedre og mer forutsigbart skattesystem*. Fiskebåt er ein landsomfattande interesse- og arbeidsgivarorganisasjon for havfiskeflåten og større kystfartøy, som samla står for om lag 70 prosent av fyrstehandsverdien i norsk fiskeri.

Norsk fiskerinæring byggjer på ei særskild arbeidsdeling mellom fellesskapet, staten og næringa. Dei villlevande marine ressursane ligg til fellesskapet, medan staten regulerer tilgangen til fiskeria. Innanfor dette systemet har fiskarane sin historiske aktivitet og deltaking danna grunnlaget for kven som har fått rett til å hauste av ressursane. Samtidig er det private norske eigarar som investerer kapitalen og ber den økonomiske risikoen. Norsk eigarskap, nasjonal kontroll med ressursane og langsiktig verdiskaping langs kysten er sentrale fiskeripolitiske mål.

Høyringsuttalen konsentrerer seg om formuesskatten og kommisjonen si tilråding om å utgreie om fiskeritillatingar i større grad bør inngå i formuesgrunnlaget. Grunnrente og CO₂-avgift blir kort omtala som tilgrensande spørsmål.

SAMANDRAG

Fiskebåt meiner prinsipalt at formuesskatten må avviklast. For ei kapitalintensiv næring der store verdiar er bundne langsiktig i fartøy og verksemd, vil skatten føre til kapitaluttak frå reiarlaga og svekke kapitaloppbygging og investeringsevne uavhengig av driftsresultatet. Dette blir forsterka av at tilgangen til eigarkapital i fiskerinæringa samtidig er avgrensa av eigarskapsreglane i deltakarlover. Dette gjer eigarbeskatninga særleg relevant: Norske eigarar kan få ei høgare skattebelastning enn utanlandske eigarinteresser i same verksemd. Etter Fiskebåt sitt syn må dette vurderast opp mot dei fiskeripolitiske måla om aktivt norsk eigarskap og nasjonal kontroll.

Dersom formuesskatten blir vidareført, meiner Fiskebåt subsidiært at skattebelastninga må reduserast. Sats, botnfrådrag, verdsetjingsrabattar og skattegrunnlag må vurderast samla, med særleg vekt på konsekvensane for investeringar, generasjonsskifte og langsiktig norsk eigarskap.

Fiskebåt støttar behovet for ei vidare utgreiing av om fiskeritillatingar i større grad enn i dag må inngå i formuesgrunnlaget. Ei eventuell utviding eller endring av dagens verdsetjing må byggje på ei klar avgrensing av kva rettar som skal omfattast, ein objektiv og føreseieleg verdsetjingsmetode og ei grundig vurdering av konsekvensane for næringa.

Fiskebåt opprettheld i tillegg sine etablerte standpunkt om nei til grunnrentebeskatning av villfisknæringa og fritak for CO₂-avgift for fiskeflåten.



DEL I – FISKERINÆRINGA SINE SÆRLEGE RAMMEVILKÅR

1.1 Kapitalbinding, avkastning og risiko

Fiskerinæringa er kapitalintensiv, samtidig som fiskeflåten opererer under ei rekkje risikofaktorar som reiarlaga i liten grad kan påverke. Store verdier er bundne langsiktig i spesialiserte fartøy, teknologi og fiskeritillatingar, medan inntektsgrunnlaget kan endrast raskt som følgje av bestandsutvikling, årlege kvotefastsetjingar, ressursfordeling, internasjonale kvoteavtalar, marknads- og valutaforhold og endringar i politiske og regulatoriske rammevilkår. Eit spesialisert fiskefartøy kan heller ikkje utan vidare nyttast i andre næringar dersom driftsgrunnlaget blir redusert.

Den store kapitalbindinga gir heller ikkje nødvendigvis god avkastning på totalkapitalen for mange flåtegrupper. Sjølv om driftsmarginane i delar av flåten kan vere gode, krev innteninga store investeringar i fartøy, teknologi og erverva fiskeritillatingar. Avkastninga må derfor vurderast opp mot den samla kapitalen som er bunden i verksemda, og den kan vere moderat også i år med god drift.

Desse forholda er viktige ved vurderinga av eigarbeskatninga. Høge kapitalverdier er ikkje nødvendigvis uttrykk for tilsvarende høg løpande avkastning eller betalingsevne. Avkastninga er ofte lav sett i forhold til reelle kapitalverdier. Samtidig må reiarlaga ha tilstrekkeleg eigenkapital til å finansiere investeringar, bere gjeld og fungere som buffer mot biologisk, marknadsmessig og regulatorisk risiko.

Etter Fiskebåt sitt syn må skattesystemet derfor ta omsyn til samanhengen mellom kapitalbinding, faktisk avkastning og risiko. Skattlegging av kapital som er bunden langsiktig i verksemda, må vurderast opp mot den løpande betalingsevna og behovet for kapital til investeringar og periodar med svakare inntening.

1.2 Eigarskap og kapitaltilgang er ein del av fiskeripolitikken

Norsk fiskeripolitikk har over lang tid lagt vekt på norsk eigarskap, nasjonal kontroll med ressursane og verdiskaping langs kysten. Havressurslova slår fast at dei villlevande marine ressursane ligg til fellesskapet, medan deltakarlova regulerer kven som kan delta i ervervsmessig fiske.

Fiskerinæringa er underlagd særlege eigarskapsreglar som avgrensar tilgangen til ekstern eigarkapital. Etter deltakarlova skal aktive fiskarar som hovudregel eige meir enn 50 prosent av eit selskap som eig fiskefartøy, og ha tilsvarende kontroll over verksemda. Nasjonalitetskravet inneber samtidig at norske interesser som hovudregel må eige minst 60 prosent. Reglane skal sikre aktivt norsk eigarskap og nasjonal kontroll med fiskeressursane, men inneber samtidig at fiskeriverksemdar ikkje har same tilgang til eigarkapital som verksemdar med friare eigarskap.

Dette gir eigarbeskatninga ein særleg fiskeripolitisk dimensjon. Norske personlege eigarar er omfatta av formuesskatten og kan måtte finansiere denne gjennom utbytte frå reiarlaget. Utanlandske eigarar er ikkje omfatta av norsk formuesskatt på same måte, og skattlegginga av utbytte vil kunne vere ulik avhengig av eigarstruktur og skatteavtale.



Det kan dermed oppstå ein skattemessig asymmetri der norsk eigarkapital får ei høgare skattebelastning enn utanlandsk kapital investert i den same verksemda. Dette er særleg relevant når utanlandske interesser innanfor nasjonalitetskravet kan eige inntil 40 prosent av eit selskap som eig fiskefartøy. Skattesystemet kan dermed svekkje konkurransekrafta til den norske eigarkapitalen som fiskeripolitikken samtidig bygger på.

Forskjellar i eigarbeskatninga kan også påverke betalingsviljen for eigardelar i fiskeriverksemdar og dermed indirekte verdien av fartøy og fiskeritillatingar. Kapital som har ei lågare samla eigarskattebelastning, kan isolert sett ha høgare betalingskapasitet for den same framtidige kontantstraumen enn norsk personleg eigarkapital.

Etter Fiskebåt sitt syn må eigarbeskatninga derfor vurderast i samanheng med eigarskapsreglane i deltakarlova og dei fiskeripolitiske måla om aktivt norsk eigarskap og nasjonal kontroll. Eit skattesystem som relativt sett gjer norsk eigarkapital dyrare enn utanlandsk kapital, kan over tid verke i motsett retning av desse måla.

DEL II – FORMUESSKATT, EIGARSKAP OG KAPITAL I REIARLAGA

2.1 Fiskebåt sitt prinsipale syn på formuesskatten

Fiskebåt meiner at formuesskatten må avviklast. Skatten råkar eigarskap til verdiar som i fiskerinæringa i stor grad er bundne langsiktig i fartøy og verksemd, utan at verdiane nødvendigvis gir eigaren tilsvarende løpande likviditet.

Formuesskatten er ein personleg skatt, men må i praksis finansierast gjennom utdelingar frå reiarlaget. Ettersom utbyttet også blir skattlagt, må det takast ut eit større bruttobeløp frå verksemda enn det eigaren skal betale i formuesskatt. Dermed blir verknaden for reiarlaget 1,61 gongar større enn sjølv skattekravet skulle tilseie, med noverande skatt på utbytte.

Kapital som blir teken ut for å finansiere eigaren sin formuesskatt, kan ikkje samtidig nyttast til gjeldsbetening, investeringar, flåtefornying eller som buffer mot svingingar i drifta. Som omtalt i del I vil denne kapitalen dessutan vere vanskelegare å erstatte med ny ekstern eigenkapital enn i næringar med friare eigarskap.

Fiskebåt meiner derfor at formuesskatten vil svekkje kapitaloppbygging og investeringsevne i fiskeflåten og verke mot fiskeripolitiske mål om langsiktig norsk eigarskap, flåtefornying og verdiskaping langs kysten.

2.2 Skattekommisjonen si omlegging – Fiskebåt si subsidiære vurdering

Dersom formuesskatten blir vidareført, meiner Fiskebåt subsidiært at skattebelastninga må reduserast. Skattekommisjonen føreslår lågare formuesskattesats og høgare botnfrådrag, samtidig som verdsetjingsrabattar blir føreslått fjerna. Endringane trekkjer i ulik retning, og Fiskebåt legg ikkje til grunn at alle reiarlagseigarar nødvendigvis kjem dårlegare ut.



Det avgjerande er korleis reforma samla verkar for eigarar der store delar av formuen er bunden i fiskeriverksemda. Sats, botnfrådrag, verdsetjingsrabattar og skattegrunnlag må derfor vurderast i samanheng.

Innteninga i fiskeflåten kan variere betydeleg frå år til år. Samtidig kan avkastninga på totalkapitalen vere moderat, også i år med god drift, fordi store verdier er bundne i fartøy, teknologi og fiskeritillatingar. Eit kvotekutt kan redusere kontantstraumen raskt utan at verdien av fartøy og andre eigedelar – og dermed formuesgrunnlaget – nødvendigvis blir redusert tilsvarende. Det kan då oppstå eit fiskerispesifikt spenn mellom berekna formue, faktisk avkastning og løpande betalingsevne.

Rekneillustrasjonane i vedlegget viser desse mekanismane og korleis ei eventuell endra verdsetjing av fiskeritillatingar kan slå ut når den løpande innteninga er svak.

2.3 Generasjonsskifte og langsiktig norsk eigarskap

Generasjonsskifte i fiskerinæringa inneber ikkje berre overføring av finansielle verdier. Ein ny eigargenerasjon tek også over fartøy, gjeld, arbeidsplassar, regulatoriske plikter og ansvar for framtidige investeringar.

Dersom eigarbeskatninga aukar kapitalbehovet ved generasjonsskifte, kan terskelen for å vidareføre aktive norske fiskeriverksemdar bli høgare. Dette må sjåast i samanheng med fiskeripolitiske mål om aktivt norsk eigarskap og kontroll med deltakinga i fiskeria.

Fiskebåt meiner derfor at konsekvensane for generasjonsskifte og langsiktig norsk eigarskap må inngå i vurderinga av korleis formuesskatten skal utformast dersom han blir vidareført.

DEL III – FISKERITILLATINGAR OG FORMUESGRUNNLAGET

Skattekommisjonen tilrår at det blir utgreidd om offentlegrettslege tillatingar, mellom anna fiskeritillatingar, i større grad enn i dag bør inngå i formuesgrunnlaget. Etter gjeldande praksis blir fiskeritillatingar verdsette til kostpris, eventuelt redusert med nedskrivingar.

Tillatingar som er tildelte vederlagsfritt frå staten, får dermed i praksis formuesverdi null, medan tidsavgrensa tillatingar som er erverva mot vederlag, inngår i formuesgrunnlaget med kostpris, eventuelt redusert med nedskrivingar. Tidsavgrensa strukturkvotar er ikkje skattepliktig formue, slik det vart slått fast i Frøyanes-dommen (Utv. 2010/1645).

Ei eventuell omlegging reiser etter Fiskebåt sitt syn to spørsmål som må haldast frå kvarandre:

For det første: Kva fiskeritillatingar og rettsposisjonar skal omfattast av formuesbeskatninga?

For det andre: Dersom dagens kostprisbaserte verdsetjing skal erstattast eller supplerast med ei verdsetjing som i større grad byggjer på omsetningsverdi, kva er det som skal verdsetjast, og korleis kan dette gjerast på ein objektiv og føreseieleg måte?

Det første spørsmålet blir behandla i denne delen. Verdsetjingsspørsmålet blir behandla i Del IV.



3.1 Rettsleg karakter og økonomisk verdi

Dei villlevande marine ressursane ligg til fellesskapet, og ingen kan eigne til seg dei villlevande ressursane utan heimel i lov eller vedtak med heimel i lov, jfr. §2 Havressurslova. Fiskeritillatingar gir ikkje eigedommsrett til ressursane, men tilgang til å delta i fiskeri innanfor eit offentlegrettsleg reguleringssystem. Tilgangen er regulert gjennom mellom anna konsesjonar, deltakarløyve og kvotar, og vilkåra for deltaking og utnytting kan endrast gjennom politiske og forvaltningsmessige vedtak. Retten til å hauste av ressursane ligg hos fiskarane, som gjennom sin historiske aktivitet har vore med på å danne grunnlaget for norsk råderett over ressursane over- og under havbotnen.

At fiskeritillatingar kan ha økonomisk verdi, er ikkje omstridd. Verdien kan mellom anna kome til uttrykk ved omsetning av fartøy med tilhøyrande fiskerettar. Økonomisk verdi og rettsleg karakter er likevel to ulike spørsmål. At marknaden tilordnar ei fiskeritillating verdi, endrar ikkje den offentlegrettslege karakteren til tillatinga. Det inneber heller ikkje at omsetningsverdi utan vidare er eit meir eigna grunnlag for årleg formuesverdsetjing enn dagens kostprisbaserte prinsipp.

Høgsterett sin dom i Volstad-saka gjaldt tidsavgrensinga av strukturkvotar og staten sitt høve til å endre rammevilkåra. Dommen er ikkje ein skattedom og avgjer ikkje spørsmålet om formuesbeskatning. Dommen er likevel relevant fordi han illustrerer at rettsposisjonar i fiskeria må forståast innanfor eit offentlegrettsleg reguleringssystem. Dette skil slike rettar frå eigedelar der eigaren har ein meir varig og sjølvstendig råderett.

3.2 Ulike tillatingar krev nærare utgreiing

Fiskeritillatingar er ikkje ein einsarta kategori. Konsesjonar, deltakarløyve, grunnkvotar og tidsavgrensa strukturkvotar har ulikt rettsleg innhald og ulike økonomiske eigenskapar. Ei eventuell skattemessig behandling kan derfor ikkje byggje på ei føresetnad om at alle fiskeritillatingar representerer same type formuesobjekt.

Før det blir teke stilling til ein eventuell overgang frå dagens kostprisbaserte verdsetjing til ei verdsetjing som i større grad byggjer på omsetningsverdi, må det etter Fiskebåt sitt syn avklarast kva tillatingar og rettsposisjonar som skal omfattast. Først deretter kan ein vurdere om og korleis desse kan verdsetjast på ein objektiv, etterprøvbart og føreseieleg måte.

DEL IV – VERDSETJING OG SKATTEGRUNNLAG

4.1 Omsetningsverdi er ikkje eintydig

Dersom dagens kostprisbaserte verdsetjing av fiskeritillatingar i framtida skal erstattast eller supplerast med ei verdsetjing som i større grad byggjer på omsetningsverdi, må det etablerast ein metode som gir objektiv, etterprøvbart og føreseieleg verdsetjing.

Fiskeritillatingar blir ikkje omsette i ein eigen, open marknad på same måte som børsnoterte verdipapir eller andre standardiserte eigedelar. Dette heng saman med at tillatingane inngår i eit offentleg regulert system og normalt er knytte til fartøy og deltaking i bestemte fiskeri. Transaksjonar skjer derfor normalt som del av overdraging av fartøy eller verksemder, der



fartøy, kvotegrunnlag og andre verdier inngår samla. Det kan derfor vere krevjande å skilje ut ein eigen marknadsverdi for den enkelte fiskeritillatinga.

Verdien vil dessutan kunne variere mellom fartøygrupper og over tid som følgje av mellom anna kvotegrunnlag, reguleringar, prisar, kostnader og forventningar om framtidig inntening. Historiske transaksjonsverdier gir derfor ikkje nødvendigvis eit robust grunnlag for årleg formuesverdsetjing.

4.2 Val av metode gir prinsipielle og praktiske utfordringar

Ei standardisert eller sjablongbasert verdsetjing kan vere administrativt enkel og sikre lik behandling, men kan gi svak samanheng mellom fastsett formuesverdi og den økonomiske verdien i det enkelte reiarlaget.

Ei meir individuell verdsetjing kan i større grad ta omsyn til skilnader mellom fartøy og tillatingar, men vil samtidig bli meir ressurskrevjande og skjønnsprega og kunne gi større risiko for ulik praksis og tvistar.

Dette skaper eit grunnleggjande dilemma: Dess enklare og meir standardisert verdsetjinga er, desto større kan avviket frå den faktiske økonomiske verdien bli. Dess meir presis verdsetjinga skal vere, desto meir kompleks og skjønnsprega blir ho.

Etter Fiskebåt sitt syn må ein eventuell verdsetjingsmetode derfor vere objektiv, etterprøvbar og føreseieleg og sikre mest mogleg lik behandling på tvers av fartøygrupper og eigarar.

4.3 Verdsetjing og betalingsevne

Ei eventuell formuesverdsetjing må også vurderast opp mot den løpande betalingsevna. Verdien av fiskeritillatingar vil i stor grad byggje på forventningar om framtidige kvotar og framtidig inntening, medan den faktiske innteninga kan endrast raskt som følgje av bestandsutvikling, kvotefastsetjing, marknadsforhold og reguleringar.

Det kan dermed oppstå ein asymmetri der skatt blir fastsett på grunnlag av forventningar om framtidig inntening, medan inntektsgrunnlaget seinare kan bli redusert utan at formuesverdien nødvendigvis blir justert tilsvarende eller like raskt.

Fiskebåt meiner derfor at fiskeritillatingar ikkje bør verdsetjast til omsetningsverdi for formuesskatteføremål før det er dokumentert at det finst ein objektiv, etterprøvbar og føreseieleg metode, og konsekvensane for betalingsevne, kapitaloppbygging og investeringar er tilstrekkeleg utgreidde.

Ei eventuell utvida formuesverdsetjing av fiskeritillatingar må også vurderast opp mot målet om langsiktig norsk eigarskap. Dersom endringa aukar skattebelastninga for norske personlege eigarar, kan ho forsterke den uheldige skattemessige forskjellen mellom norsk og utanlandsk eigarkapital som er omtala i Del I.



DEL V – INVESTERINGAR, EIGARSTRUKTUR OG FISKERIPOLITISKE OMSYN

5.1 Investeringar og grøn omstilling av flåten

Fiskerinæringa står overfor store investeringsbehov. Fartøy og andre driftsmiddel skal fornyast og moderniserast, samtidig som klima- og miljøkrav, teknologisk utvikling og krav til effektivitet og sikkerheit stiller nye krav til investeringane. For den havgåande flåten er dette langsiktige og kapitalkrevjande investeringar. Ofte dreier det seg om utskifting av heile driftsmiddelet.

Overgangen til meir energieffektive og etter kvart låg- og nullutsleppsløysingar vil krevje betydeleg kapital, samtidig som fleire av dei aktuelle teknologiane for større havgåande fartøy framleis er under utvikling. Reiarlaga må dermed både finansiere store investeringar og bere risikoen knytt til teknologi, levetid og framtidige rammevilkår.

Eigenkapital er avgjerande for å kunne gjennomføre slike investeringar. Kapital som blir teken ut av verksemda for å finansiere eigarskatt, kan ikkje samtidig nyttast til investeringar. Redusert investeringskapasitet i flåten kan også forplante seg vidare til norske verft, utstyrsleverandørar og maritime teknologi- og tenestemiljø, som i stor grad lever av investeringar og aktivitet i flåten.

Etter Fiskebåt sitt syn må eigarbeskatninga derfor vurderast i lys av det store kapitalbehovet knytt til fornying og modernisering av flåten og andre driftsmiddel, og dei vidare verknadene slike investeringar har for den maritime verdikjeda.

5.2 Eigarstruktur og fiskeripolitiske mål

Skattepolitikken kan også få verknader for eigar- og strukturutviklinga i næringa. Dersom kapitalgrunnlaget i aktive fiskeriverksemder blir svekt, kan det bli vanskelegare å finansiere investeringar, generasjonsskifte og vidareføring av verksemda. Dette kan særleg vere krevjande for mindre og mellomstore eigarmiljø og over tid bidra til auka strukturering og eigarkonsentrasjon, i strid med fiskeripolitiske målsetjingar.

Slike verknader må vurderast opp mot sentrale fiskeripolitiske mål om norsk eigarskap, nasjonal kontroll, ein variert eigarstruktur og langsiktig verdiskaping langs kysten.

Fiskebåt meiner derfor at endringar i eigarbeskatninga må vurderast ikkje berre som skattepolitikk, men også i lys av kva verknader dei kan få for eigarskap, struktur og investeringar i fiskerinæringa.

DEL VI – GRUNNRENTE OG CO₂-AVGIFT

NOU 2026:9 føreslår ikkje grunnrenteskatt for villfisknæringa. Dette er i tråd med eit breitt politisk fleirtal på Stortinget og med Fiskebåt sitt etablerte standpunkt om at det ikkje bør innførast ein særskild grunnrenteskatt for fiskeri.

Fiskeria skil seg på vesentlege punkt frå næringar der grunnrenteskatt er etablert. Villfisknæringa er eksponert for biologisk usikkerheit, endringar i kvotegrunnlaget, internasjonale kvoteforhandlingar, marknads- og valutarisiko, regulatoriske endringar og store



langsiktige kapitalbindingar. Fiskeritillatingar gir rett til å delta i regulerte fiskeri, men gir ikkje eigedomsrett til ressursane eller garanti for framtidige kvotar.

Vurderinga av grunnrente i fiskeria må også ta omsyn til den breiare samfunnsrolla fiskeflåten er tillagd gjennom fiskeripolitikken. Tilgangen til fellesskapet sine fiskeressursar er knytt til eit omfattande reguleringssystem som samtidig skal ivareta mål om norsk eigarskap, aktivitet og verdiskaping langs kysten, sysselsetjing og ein variert flåtestruktur. Desse omsyna avgrensar den reine økonomiske effektiviteten og dermed også den grunnrenta som blir realisert i næringa.

Dersom grunnrentebeskatning av villfisknæringa seinare skulle bli vurdert, meiner Fiskebåt at dette må byggje på ei særskild samfunnsøkonomisk utgreiing som dokumenterer om næringa over tid genererer ei varig ressursrente utover normal risikojustert avkastning.

NOU-en er heller ikkje ei særskild utgreiing av CO₂-avgifta for fiskeflåten. Fiskebåt opprettheld sitt standpunkt om at fiskeflåten bør fritakast frå CO₂-avgifta inntil kommersielt tilgjengelege låg- eller nullutsleppsløysingar gir reelle moglegheiter til teknologisk substitusjon. For store havgåande fartøy er krava til rekkevidde, energitettleik og driftstryggleik høge. Når reelle substitusjonsmoglegheiter manglar, vil auka CO₂-avgift i større grad auke driftskostnadene og redusere investeringsrommet enn utløyse teknologisk omstilling.

Noreg deler rundt 90 prosent av fiskeressursane vi haustar av med andre land. Norske fiskefartøy konkurrerer dermed i stor grad med utanlandske fartøy om dei same ressursane og i dei same marknadene. Ei særnorsk CO₂-belastning som ikkje blir møtt av tilsvarande kostnader hos konkurrerande flåtar, vil derfor svekke konkurranseevna til norsk fiskeflåte.

Store skilnader i drivstoffkostnader kan samtidig gi insentiv til bunkring i utlandet. Det kan flytte aktivitet frå norske bunkringsanlegg utan å redusere dei globale utsleppa, og dersom utanlandsbunkring medfører ekstra segling, kan utsleppa i verste fall auke. CO₂-avgifta må derfor vurderast både ut frå konkurransevilkåra for norsk flåte og den faktiske globale klimateffekten.

DEL VII – SAMLA TILRÅDINGAR OG KONKLUSJON

Fiskebåt støttar målet om eit effektivt og føreseieleg skattesystem som legg til rette for investeringar og langsiktig verdiskaping. For fiskerinæringa må skattesystemet samtidig vurderast i samanheng med dei særlege økonomiske og regulatoriske rammevilkåra i næringa og sentrale fiskeripolitiske mål om norsk eigarskap, nasjonal kontroll og verdiskaping langs kysten.

På bakgrunn av drøftinga ovanfor vil Fiskebåt særleg framheve følgjande:

- **Fiskebåt meiner prinsipalt at formuesskatten må avviklast.** Dersom skatten blir vidareført, meiner Fiskebåt subsidiært at skattebelastninga bør reduserast. Sats, botnfrådrag, verdsetjingsrabattar og skattegrunnlag må vurderast samla, med vekt på konsekvensane for kapitaloppbygging, investeringar, generasjonsskifte og langsiktig norsk eigarskap. Dei særlege eigarskapsreglane i deltakarlova gjer dette særleg relevant for fiskerinæringa. Når lovverket stiller krav om aktivt og norsk eigarskap, må



skattesystemet også vurderast ut frå om norsk eigarkapital blir stilt svakare enn utanlandsk eigarkapital.

- **Ein eventuell overgang frå dagens kostprisbaserte verdsetjing av fiskeritillatingar til ei verdsetjing som i større grad byggjer på omsetningsverdi, må utgreiast grundig før eventuelle endringar blir gjennomførte.** Det må avklarast kva tillatingar og rettsposisjonar som skal omfattast, og om desse kan verdsetjast på ein objektiv, etterprøvbar og føreseieleg måte. At ei fiskeritillating har økonomisk verdi, inneber ikkje i seg sjølv at omsetningsverdi er eit eigna grunnlag for årleg formuesverdsetjing.
- **Skattepolitikken må vurderast i samanheng med fiskeripolitikken.** Verknader for investeringar, det grønne skiftet, generasjonsskifte, eigarstruktur og strukturutvikling må vurderast opp mot måla om norsk eigarskap, nasjonal kontroll, ein variert eigarstruktur og langsiktig verdiskaping langs kysten.
- **Skattesystemet må leggje til rette for nødvendig fornying og modernisering av flåten og andre driftsmiddel.** Klima- og miljøkrav, teknologisk utvikling, energieffektivisering og sikkerheit vil krevje store investeringar i åra framover. Investeringsevna i flåten har samtidig betydning for norske verft, utstyrsleverandørar og maritime teknologi- og tenestemiljø.
- **Fiskebåt meiner det ikkje bør innførast ein særskild grunnrenteskatt for villfisknæringa.** Ei eventuell framtidig vurdering må byggje på dokumentasjon av ei varig ressursrente utover normal risikojustert avkastning, og ta omsyn til at fiskeripolitikken også skal ivareta samfunns mål som norsk eigarskap, aktivitet og verdiskaping langs kysten og ein variert flåtestruktur.
- **Fiskebåt opprettheld sitt standpunkt om fritak for CO₂-avgifta for fiskeflåten.** Manglande reelle teknologiske alternativ, internasjonale konkurransevilkår og risikoen for utanlandsbunkring må inngå i vurderinga. Når Noreg deler rundt 90 prosent av fiskeressursane vi haustar av med andre land, må avgifta vurderast både ut frå konkurranseevna til norsk flåte og den faktiske globale klimaeffekten.

Fiskebåt ber Finansdepartementet leggje desse omsyna til grunn i den vidare oppfølginga av NOU 2026:9.

Vennlig hilsen

FISKEBÅT

Audun Maråk

Kay Ove Hafsås

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift.